



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
24.11.2015  
Dykkar dato  
09.11.2015

Vår referanse  
2015/9388 421.3  
Dykkar referanse  
15/1419

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### **Meland - Holme - Blom fiskeoppdrett AS - klage over dispensasjon til flytting av oppdrettsanlegg**

Vi viser til oversending frå kommunen mottatt her 09.11.2015 med klagefrist 30.11.2015.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for utviding og flytting av akvakulturanlegg frå Laksevika til Holmeknappen.

Omsøkt tiltak ligg i eit område som i arealdelen av kommuneplanen er synt med arealformål *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*. Området kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underformåla til den generelle kategorien, med unntak av akvakultur og småbåthamn, jf. føresegner pkt. 3.3. Søknaden er såleis ikkje i samsvar med kommuneplanen.

**Fylkesmannen i Hordaland klagar med dette på Meland kommune sitt vedtak, av 03.11.2015, om dispensasjon til flytting og utviding av Blom Fiskeoppdrett AS, sak 80/2015.**

#### **Fylkesmannen sine merknader**

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdel av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg til-sidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vera kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen rådde frå dispensasjon i brev av 06.08.2015. Det går då fram av tbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensera der statlege og regionale myndigheter har uttalt seg negativt til søknaden. Fylkesmannen viser til uttalen som grunnlag for klagen sin:

*Fylkesmannen viser til at det er kommuneplanen som er arenaen for å diskutere omsøkte tiltak. Arealdelen til kommuneplanen skal syne hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, i tillegg til viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala, jf.tbl. § 11-5 andre ledd. Slik Fylkesmannen vurderer situasjonen for oppdrettsanlegg i regionen er det viktigare enn nokon gong at arealbruk knytt*

*til oppdrettsanlegg vert vurdert i samband med kommuneplanlegginga. Kommuneplanen i Meland er heilt ny. Ein dispensasjon i denne saka vil undergrave kommuneplanen som styringsverkty for utvikling av kommunen, og kan i tillegg skape presedens for dette og liknande område i framtida.*

*Fylkesmannen har i den siste tida handsama ei rekke liknande dispensasjonssøknader frå oppdrettsnæringa i Hordaland. Det er ein uheldig praksis dersom kommunen legg opp til å styre utviklinga av oppdrettsnæringa gjennom dispensasjonar.*

*For omsøkte tiltak ligg det i dag inga konkret vurdering av om tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Då saka vert handsama som ein dispensasjon, vil tiltaket ikkje verte omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova. Vi minner om at kommunen skal syte for at det vert utarbeidd reguleringsplan dersom det er behov for å sikre forsvarleg planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggs-tilbak, fleir bruk og vern når det berørte private og offentlege interesser, jf. pbl. § 12-1 andre ledd. Det går ikkje fram av saksutgreiinga om kommunen har vurdert om tiltaket er reguleringspliktig. Reguleringsplan vil også stille strengare krav til offentlegheit, og kommunen vil få eit ansvar for å sikre aktiv medverknad jf. pbl. § 5-1.*

*I følgje søknaden skal det nye anlegget vere meir rømmingssikkert og gje betre fiskeveelferd. Det nye anlegget skal også betre miljøforholda under anlegget. Fylkesmannen vil peike på at verken søknaden eller saksframlegget frå kommunen inneheld ei grundig vurdering av om tiltaket vil føre til auka forureining på naturmiljøet i sjø, eller om det kan føre til auka fare for spreiing av sjukdom på villfisk og andre artar. Relevant fagleg kunnskap om slike verknader bør danne grunnlag for vurdering av om vilkåra er til stades for å gje dispensasjon. Ulempene for naturmiljøet er etter Fylkesmannen si oppfatning ikkje diskutert utfyllande nok i saka, og me meiner at dette er i strid med pbl. § 1-1: «Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner».*

*Fylkesmannen forstår at Blom Fiskeoppdrett AS ønskjer å utvikle oppdrettsanlegget sitt vidare. Det er viktig at det skjer på forsvarleg vis og at konsekvensane av flyttinga blir belyst på ein tilfredsstillande måte og at medverknad vert sikra i saka.*

*I denne saka kan vi ikkje sjå at fordelane med flytting av oppdrettsanlegget er klart større enn ulempene for naturmiljøet. Søknad om dispensasjon oppfyller dermed ikkje vilkåra for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2 andre ledd.*

Det er positivt at det er tatt inn vilkår i vedtaket om at det skal lagast ei konsekvensutgreiing før tiltaket kan utførast. Etter Fylkesmannen si vurdering er ikkje det nok i denne saka. Ei konsekvensutgreiing burde vore gjennomført før ein trefte vedtak om dispensasjon. Aller helst burde konsekvensane vore utgreia på kommuneplannivå for å få vurdert konsekvensane for eit større område. Det er problematisk når ein KU-prosess skal skje etter at det er gjort eit vedtak i saka. Det vil gjere moglegheita for medverknad vanskelegare.

Tiltaket er også avhengig av utsleppsløyve. Fjordane innafor og i forlenging av Byfjorden har høg akvakulturproduksjon. Det siste året har vi sett at miljøgranskingane gjev indikasjonar på at desse terskelfjordane kan vere overbelasta. Fleire fjordar når ikkje måla om god økologisk tilstand etter vassforskrifta. Det gjeld spesielt i Sørfjorden, men også i Radfjorden og Osterfjorden ser vi same tendens. Utviklinga i desse fjordane går i feil retning. Det er difor ikkje

klart at Blom Fiskeoppdrett AS kjem til å få løyve til å utvide produksjonen. I tillegg ligg Herdlafjorden i utvandringsruta til Vossolaksen. Denne vil dermed vere utsett for eventuell spreiing av sjukdom frå anlegget.

Det gjer at det er ekstra viktig å sjå på heile fjordsystemet når ein skal vurdere verknaden av flytting og utviding av anlegget. Ein ordinær KU tar ofte ikkje omsyn til slike overordna perspektiv. Fylkesmannen meiner derfor at ei konsekvensutgreiing må på høyring uavhengig av om den viser at tiltaket fører til auka forureining på naturmiljøet i sjø, eller fører til auka fare for spreiing av sjukdom.

Saksutgreiinga frå kommunen legg vekt på at Blom Fiskeoppdrett er i ein svært spesiell situasjon fordi Forsvaret bandlegg området i stor grad. Fylkesmannen har forståing for at det er ein krevjande situasjon, men vi vil peike på at sjølv om Forsvaret ikkje hadde bandlagt området, ville ei utviding, etter det vi kan sjå, likevel ha kome i konflikt med arealdelen av kommuneplanen. Det er mange som ønskjer å utvide anlegga sine for tida, og det er svært uheldig om desse sakene blir handsama som dispensasjonar. Fylkesmannen er ueinig med kommunen i at det ikkje kan få uheldig presedensverknad. Vi er også oppteke av at desse sakene skal behandlast likt.

Fylkesmannen vil òg peike på at det er knytt uvisse til kor stor auke ein skal ha av biomasse, og til ein viss grad til storleiken på sjølve anlegget. Det er oppfatninga vår at saka er noko därleg opplyst også på desse punkta.

Det er etter dette framleis Fylkesmannen si oppfatning at ved utviding og flytting av akvakulturanlegg er det naudsynt med eit overordna blikk på saka. Ei heilskapleg vurdering av samla belastning i tillegg til ei vurdering av det enkelte anlegg sin verknad må leggjast til grunn ved handsaming av utviding og flytting av akvakulturanlegg. Det er framleis Fylkesmannen si vurdering at det bør takast på kommuneplannivå eller i ein interkommunal plan. Når det ikkje er hensiktsmessig, kan det utarbeidast ein reguleringsplan. I denne saka skal anlegget flyttast i tillegg til at det skal utvidast. Det gjer at tiltaket er svært omfattande. Det er i tillegg rapportert om därleg miljøtilstand i fjordane i området. Det gjer at Fylkesmannen vurderer at miljø og medverknad ikkje er sikra i tilstrekkeleg grad i denne saka. Det er svært viktige prinsipp i plan og bygningslova jf. § 1-1, som skal danne grunnlag for alle avgjerder i medhald av denne lova.

Fylkesmannen si vurdering er etter dette at omsyna bak arealdelen av kommuneplanen vert vesentleg tilsidesett dersom det vert gitt dispensasjon til flytting og utviding av oppdrettsanlegget, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Fylkesmannen heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte. Fylkesmannen finn difor å måtte klaga på Meland kommune sitt vedtak av 03.11.2015, sak 80/2015.

Me ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon som omsøkt.

Fylkesmannen ber vidare om at vedtaket vert gitt iverksetjing til dess klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Dersom klaga ikkje vert tatt til følgje, skal saka sendast Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil deretter senda saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Arve Meidell  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*